

# Framtidas lokalsjukehus

## *Utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus*

.....

**Delutgreiing  
Stadleg leiing  
19. november 2012**



# Agenda - Innhald

Innleiing	3
Kartlegging <ul style="list-style-type: none"><li>➤ Kartlagde sjukehus</li><li>➤ Korleis er kartlegginga gjennomført</li><li>➤ Organisasjonsmodellar for dei ulike kartlagde føretaka/sjukehusa</li><li>➤ Omtale av intervjuobjekta sine synspunkt om opplevde styrkar og svakheiter med dei ulike leiingsmodellane</li><li>➤ Omtale av intervjuobjekta sine synspunkt på opplevde nøkkelfaktorar ved dei to ulike leiingsmodellane</li></ul>	6
Teoretiske perspektiv	27
Tilbakemeldingar frå dagseminar	33
Oppsummering	39

# Innleiing

- Dette er eit kartleggingsarbeid som i hovudsak skal gi informasjon om styrkar og svakheiter med stadleg leiing av lokalsjukehus. I tillegg vil rapporten seie noko om kva som må til for å lukkast med stadleg leiing
- Arbeidet blir lagt fram for styringsgruppa i Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus til inspirasjon i arbeidet med å finne gode løysningar for Nordfjord sjukehus og for å bidra til å ta hand om den nasjonale dimensjonen i prosjektet
- Arbeidet er gjennomført som ei kartlegging ved bruk av utvalde føretak sine heimesider og intervju med nøkkelpersonar ved dei same føretaka. I tillegg er det gjennomført eit påfølgjande dagseminar der representantar frå dei ulike føretaka og ressursar innan forsking på område var invitert

# Ulike måtar å organisere - definisjonar

Ulike helseføretak har valt ulike måtar å organisere seg på med ulike leiarstrukturar. Ser ein dette som ei forenkla todeling kan ein omtale strukturane som ein tverrgåande klinikkorganisering og ein organisasjonsstruktur med stadleg leiing. Som kartlegginga vil syne, er det oftast slik at føretak har løysingar som har element frå begge desse modellane. Modellane er likevel nyttige for å kunne seie noko om forskjellar og likskapar mellom ulike føretak.

## Tverrgåande klinikkorganisering

Når ein på tvers av dei ulike institusjonane organiserer dei medisinske disiplinane innanfor eit helseføretak i felles einingar med sentral leiing for kvar disiplin


## Organisasjonsstruktur med stadleg leiing

Når ein har ein overordna stadleg leiar ved helseføretaket sine ulike sjukehus. Leiарane for sjukehusa sine ulike avdelingar rapporterer til den stadlege leiaren

# Innhold

Innleiing	3
Kartlegging <ul style="list-style-type: none"><li>➤ Kartlagde sjukehus</li><li>➤ Korleis er kartlegginga gjennomført</li><li>➤ Organisasjonsmodellar for dei ulike kartlagde føretaka/sjukehusa</li><li>➤ Omtale av intervjuobjekta sine synspunkt om opplevde styrkar og svakheiter med dei ulike leiingsmodellane</li><li>➤ Omtale av intervjuobjekta sine synspunkt på opplevde nøkkelfaktorar ved dei to ulike leiingsmodellane</li></ul>	6
Teoretiske perspektiv	27
Tilbakemeldingar frå dagseminar	33
Oppsummering	39

# Kartlagde sjukehus




- Mosjøen sykehus (Helgelandssykehuset HF)
- Notodden sykehus (Sykehuset Telemark HF)
- Rjukan sykehus (Sykehuset Telemark HF)
- Røros sykehus (St Olavs hospital HF)
- Kongsberg sykehus (Vestre Viken HF)
- Tynset sykehus (Sykehuset Innlandet HF)
- Hallingdal sjukkestue (Vestre Viken HF)
- Odda sykehus (Helse Fonna HF)
- Nordlandssykehuset Lofoten (Nordlandssykehuset HF)
- Larvik sykehus (Sykehuset i Vestfold HF)

# Korleis er kartlegginga gjennomført

- Kartlegginga er gjennomført som et telefonintervju med stadleg leiar. I føretak som bruker klinikkmodellen har ein snakka med ein nøkkelperson som representerer føretaket
- Kartlegginga gir eit bilet av erfaringane og tankane desse personane har rundt tema. Hadde ein gjennomført intervju med andre funksjonar og roller i føretaket, kunne andre erfaringar ha kome fram. Dette er ei avgrensing materialet må sjåast i lys av
- Det er også gjennomført samtalar med forskrarar innanfor område leiing og sjukehus
- Informasjonen frå intervjeta er supplert med informasjon frå føretaka sine heimesider
- Når vi presenterer informasjon om organisasjonsmodellar for dei ulike sjukehusa blir dette gjort på føretaksnivå
- Intervjeta har hatt ei open form, intervjuar har diskutert overordna problemstillingar som er knytt til tema(\* under) med dei som har blitt intervjeta:


Tema	
<ul style="list-style-type: none"><li>• Samhandlingsreforma</li><li>• Tilhøva mellom sentralt sjukehus og lokalt sjukehus</li><li>• Intern koordinering og lokal effektivitet</li><li>• Fagutøving / kompetanse</li><li>• Leiarutfordringar ved geografisk avstand</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Rekruttering</li><li>• Arbeidsmiljø</li><li>• Personell</li><li>• Utvikling</li><li>• Økonomi</li></ul>

# Helgelandssykehuset HF - Mosjøen



Helgelandssykehuset HF	Divisjonsorganisert med stadleg leiing. Nokon få administrative funksjonar er sentralisert
Mosjøen sykehus	Direktør med stadleg leiing for alle avdelinger ved Mosjøen sitt behandlingstilbod

# Sykehuset Telemark HF – Notodden-Rjukan




Sykehuset Telemark HF	Sykehuset Telemark HF er i hovedsak klinikkorganisert. Unntaket er Notodden og Rjukan. Administrative funksjonar er sentralisert
Klinikk Notodden - Rjukan	Stadleg leiar for behandlingstilboda ved Klinikk Notodden-Rjukan. Dette til tross for klinikkorganisering av resten av føretaket

# St. Olavs Hospital HF - Røros



Organisasjonskart St. Olavs Hospital  
Oppdatert 21.10.2011




St. Olavs Hospital HF

Klinikkorganisert

Røros sykehus


Stadleg leiar for behandlingstilboda ved Røros sykehus. Røros sykehus er ei avdeling i klinikk for ortopedi, revmatologi og hudsjukdommar

# Vestre Viken HF- Kongsberg og Hallingdal



Vestre Viken HF	Divisjonsorganisering med stadleg leiing for somatikken. Klinikksorganisert innanfor psykisk helsevern og rus, medisinsk diagnostikk, intern service og pre-hospitale tenester. Administrative tenester er sentralisert
Kongsberg sykehus og Hallingdal sjukestue	Kongsberg sykehus har ein stadleg leiar for somatikken. Hallingdal sjukestue er leia av Ringerike sykehus klinikks for klinikks

# Sykehuset Innlandet HF - Tynset




Sykehuset Innlandet HF	Divisjonsorganisering med stadleg leiing for somatikken. Klinikkorganisert / tverrgående organisert innanfor psykisk helsevern, medisinsk service, prehospital tjenester, eiendom og intern service. Administrative tjenester er sentralisert
Tynset sykehus	Divisjon Tynset har ein stadleg leiar med ansvar for dei lokale somatiske behandlingstilboda

# Helse Fonna HF - Odda




Helse Fonna HF	Klinikkorganisering av alle behandlingstilbod. Administrative tenester er centralisert
Odda sjukehus	Odda sjukehus er ikkje synleg på organisasjonskartet. Overordna leiing av Odda sjukehus blir utført frå Haugesund. Odda sjukehus har ein felles seksjonsleiar for somatikk som rapporterer til medisinsk klinikkdirktør

# Nordlandssykehuset HF - Lofoten



Nordlandssykehuset HF	Klinikkorganisering av alle tenestetilbod. Administrative tenester er centralisert
Nordlandssykehuset Lofoten	Overordna leiing av Lofoten sykehus blir utført frå Bodø, klinikk for klinikk. Nordlandssykehuset Lofoten er difor ikkje synleg på organisasjonskartet

# Sykehuset i Vestfold HF - Larvik



\* Prehospital klinikk er en felles klinikk mellom Sykehuset i Vestfold og Sykehuset Telemark

Sykehuset i Vestfold HF	Klinikkorganisering av alle tenestetilbod. Administrative tenester er centralisert
Larvik sykehus	Overordna leiing av Larvik sykehus blir utført frå Tønsberg, klinikk for klinikk. Larvik sykehus er difor ikkje synleg på organisasjonskartet

# Få reindyrka organisasjons- og leiingsmodellar

Mange av dei kartlagde helseføretaka har leiings- og organisasjonsmodellar som verken er reindyra organisasjonsstruktur med stadleg leiing eller klinikkorganisering

Organisasjonsstruktur med  
stadleg leiing

Hybridmodellar

Klinikkorganisering



Mosjøen sykehus  
Klinikk Notodden og Rjukan  
Røros sykehus  
Kongsberg sykehus

Tynset sykehus

Hallingdal sjukestogo

Odda sykehus

Nordlandssykehuset Lofoten  
Larvik sykehus

# Opplevde styrkar og svakheiter ved dei to organisasjons- og leiingsmodellane

Dei som er intervjua har peika på styrkar og svakheiter ved dei ulike leiingsmodellane. Ofte blir same moment omtalt som styrke eller svakheit ved begge leiingsmodellane. På dei neste sidene vil både styrkar og svakheiter bli omtala meir inngåande.

	Tverrgående klinikkorganisering	Organisasjonsstruktur med stadleg leiing
Styrkar	God styring av føretaket Sikre fagkompetanse/breidde i fagmiljø Bidra til eit godt/effektivt samarbeid eksternt	God intern koordinering ved dei ulike lokasjonane og dermed lokal effektivitet Godt arbeidsmiljø ved det enkelte sjukehus Godt samarbeid med kommune og lokalsamfunn
Svakheiter	Utfordrande å utøve leiarskap som følgje av geografiske avstandar Utfordrande i høve til eksternt samarbeid (t.d. kommunane) Utfordrande i høve til å sikre effektivitet og koordinering ved lokalsjukehuset Utfordrande i høve til å sikre eit godt arbeidsmiljø ved lokalsjukehuset	Utfordrande å samarbeide mellom sjukehusa i føretaket Dei administrative linene «kuttar» fagmiljøet i føretaket Små fagmiljø, og dermed vanskar med å rekruttere og behalde fagfolk

# Opplevde styrkar ved tverrgåande klinikkorganisering

## God styring av føretaket

- Auka moglegheit til å styre føretaket frå «toppen», sjukehusa får eit tydeleg topp-punkt
- Auka moglegheit for sentral leiing til å gjennomføre endringar som omfattar alle sjukehusa i føretaket
- Lettare å påleggje sjukehusa endringar og tiltak frå sentralt hold
- Enklare å samhandle mellom sjukehusa innanfor same fagdisiplin
- Betre oversikt og ansvar i høve det kliniske arbeidet
- Enklare å skape effektive behandlingsliner på tvers av sjukehus
- Felles/lik organisasjonsstruktur for heile føretaket

## Sikre fagkompetanse/breidde i fagmiljø

- Bidrar til å auka fagleg robustheit, sterke fagmiljø, auka tendens til at fagfolk frå dei større sjukehusa tar vakter ved lokalsjukehusa
- Opnar for meir fleksibel bruk av spesialistressursar
- Enklare med rotasjon av fagfolk
- Ny teknologi krev nye former for samarbeid
- Auka grad av spesialisering innanfor fag krev ei sterke fagleg leiing
- Sterkare fokus på fagutvikling

## Bidra til eit godt/effektivt samarbeid eksternt

- Sentral leiing med høg grad av avgjerdsmynne kan føre til direkte dialog og samarbeid med kommunane

# Opplevde svakheiter ved tverrgående klinikkorganisering I

## Utfordrande å utøve leiarskap som følgje av geografiske avstandar

- Sentralt sjukehus får/har «nok med seg sjølv» og manglar tid til å leia lokal eining
- Stort kontrollspenn for overordna klinisk leiar med fysisk avstand
- Lite lokalt stabsapparat – lokale kliniske leiarar må gjere alt administrativt arbeid sjølv.  
Får liten avlastning frå administrative støttetenester. Spørsmål kan ta eit halvt år – eit år å få svar på
- Lite kontakt mellom klinikkdirktørar og lokale leiarar
- Mister personell som følgje av fjernleiing
- Krev reising, bruk av videomøter og liknande

## Utfordrande i høve eksternt samarbeid

- Kvar enkelt avdeling må delta i eksterne samarbeidsmøter internt i HF og ovanfor kommunane. Fleire leiarar som jobbar opp mot same kommune

# Opplevde svakheiter ved tverrgående klinikkorganisering II

## Utfordrande i høve til å sikre effektivitet og koordinering på lokalsjukehuset

- Vertikal struktur utan lokalt heilsaksperspektiv
- Samarbeid mellom klinikkar på det enkelte lokalsjukehus blir vesentleg forvitra
- Utfordrande å arbeida med pasientflyt – alle har sin avgrensa flik
- Manglar tilgang på spesialistar sjølv om det er avtalt med «sentralt sjukehus»
- Mangel på fleksibilitet i lokalsjukehuset
- Fleire avgjersler / innkjøp må involvere sentral administrasjon/klinikk. Tar ofte lang tid

## Utfordrande i forhold til arbeidsmiljø

- Trivselstiltak er ofte bygd opp rundt dei store sjukehusa
- Motstanden blir høg når ein skal identifisere seg med det sentrale. Det blir for abstrakt og for enkeltindividet. Mangel på felles identitet
- Tilsette føler dei ikkje blir sett i same grad
- Blir oppfatta som eit centraliseringstiltak som truer arbeidsplassen til dei tilsette

# Opplevde styrkar ved organisering med stadleg leiar I

## God intern koordinering ved dei ulike lokasjonane og dermed lokal effektivitet

- Stadleg leiing får lokalsjukehuset til å fungere som eit heilskapleg system
- Stadleg leiar kan ha god oppfølging med produksjonsplan, pasientane sine forventningar og nasjonale kvalitetskrav
- Moglegheit for stimulering av samarbeid og pasientflyt på tvers av avdelingsgrenser.  
Døme: Fleksibel bemanning på tvers av avdelingar ved lokalsjukehuset, lokalt tilpassa kliniske- og adm. støttetenester. Koordinering blir sett på som viktig i høve til pasientar med samansette lidingar
- God kommunikasjon mellom einingar med ulik fagdisiplin
- Mogleg å fatta raske avgjersler, nærleik mellom problem og løysing

## Godt arbeidsmiljø

- Identitetsskapande; byggjer oppunder eksistensielt behov for å identifisere seg med ei mindre gruppe
- Mindre behov for reising
- Meir effektiv stadleg logistikk av informasjon til dømes i driftsmøte
- Gir auka rom for konflikthandtering mellom avdelingar ved lokalsjukehuset

# Opplevde styrkar ved organisering med stadleg leiar II

## Godt samarbeid med kommune/lokalsamfunn

- Stadleg leiar gir ein nærliek til lokalsamfunnet og dermed blir samfunnsansvar tatt hand om, noko som bidreg til lokale spleiselaag med kommunane. Døme på dette er samarbeid om sengeplassar og felles bruk av personale
- Kan delta i eksterne samarbeidsmøte på vegne av heile lokalsjukehuset. Ein leiar som tar hand om- og frontar sjukehuset eksternt
- Lettare å skreddarsy tenestene etter lokale brukarar sine behov
- Lokalsamfunnet tenkjer at ein stadleg leiar vil ta hand om å oppretthalda sjukehuset som «hjørnesteinsbedrift» - auka tillit

# Opplevde svakheiter ved organisering med stadleg leiari

## Utfordrande å samarbeide mellom sjukehusa i føretaket

- Redusert rom/moglegheit for styring frå sentralt leiing
- Vanskelegare for sentral leiing å gjennomføre føretaksgjennomgripande endringar
- Vanskelegare å få til samarbeid mellom sjukehusa som heilskap
- Mindre samarbeid innanfor fagområde mellom sjukehusa
- Redusert uttak av stordriftsfordelar
- Mindre horisontal fagleg styring på tvers av sjukehusgrensene
- Administrativt framfor fagleg fokus
- Lokalpolitisk fokus framfor pasientbehandling og effektivitet

## Dei administrative linene «kuttar» fagmiljøet i føretaket

**Små fagmiljø, og dermed vanskar med å rekruttere og behalde fagfolk.**

- Klarer ikkje alltid å følgje faglege normer

# Opplevde nøkkelfaktorar for at stadleg leiing skal vere ei god løysing

Naudsynte faktorar	Faktorar som gjer det enklare
<ul style="list-style-type: none"><li>Leiar sine personlege eigenskapar. Alle sjukehus treng ein leiar som held mål i høve dei nasjonale krava til leiing i helsesektoren, uavhengig av struktur:<ul style="list-style-type: none"><li>Heilskapstenkjande</li><li>Ansvarleg</li><li>Endringsvillig</li><li>Handlekraftig</li><li>Kommuniserande</li><li>Inspirerande</li></ul></li><li>Klar rolle, fullmakt, mynde og budsjettansvar</li><li>Driftsmøter for koordinering av sjukehuset</li></ul>	<p><b>Samhandling med andre føretak / kommunar</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>Ro og stabilitet kring behandlingstilbod ved lokalsjukehuset</li><li>Klar fordeling av spesialistfunksjonar</li><li>Klare pasientstraumar</li><li>Sentral leiing må føle at dei har kontroll</li><li>Tillit mellom lokal og sentral leiing</li><li>Stoltheit når det gjeld behandlingstilbod ut mot lokalsamfunnet</li></ul> <p><b>Kompetanse</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>Fleksibel bruk av dei tilsette</li><li>Mobilitet av helsepersonell</li><li>Tilstrekkeleg diagnostisk kompetanse/hjelpemiddel. Det er behov for generalistkompetanse</li><li>Klar forståing av kva behandlingar som kan utførast utan at det går utover pasienttryggleik</li><li>Nisjebasert poliklinisk verksemد med ambulante klinikarar</li><li>Nettverk innanfor fag – kanskje med moglegheit for å bidra med forslag til avgjersler for øvste leiargruppa</li></ul> <p><b>Andre avgjerande faktorar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>Storleik på føretaket, geografiske avstandar, tilbodet ved lokalsjukehuset og utfordringsbilete i føretaket kan avgjere behovet for stadleg leiing</li></ul>

# Opplevde nøkkelfaktorar for at klinikkorganisering skal vere ei god løysing

Naudsynte faktorar	Faktorar som gjer det enklare
<p><b>Leiing:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Sentral klinikkdirktør må ha kapasitet til også å leia lokalt</li><li>• Avklarte roller slik at ein kan ta avgjersler på tvers av klinikkar / felles for fleire klinikkar når dette er naudsynt lokalt</li></ul> <p><b>Administrativ og klinisk støtte:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Rask handsaming av kontakt frå lokalt sjukehus til sentralt sjukehus</li><li>• Likeverdig tilgang på administrative / kliniske støttetenester lokalt som sentralt</li></ul> <p><b>Kultur:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Ein kultur som har pasienten i fokus og der tilsette samarbeider om pasienten utan å måtte eskalere avgjersler til høgste nivå</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Arbeid med pasientflyt og utvikling av klare pasientforløp</li><li>• Disponere personell gjennom gode rotasjonsordninger</li><li>• Vege opp for mangel på lokal stadleg leiing ved å ha god dialog med kommunar</li><li>• Leiing på avstand krev at sentrale leiarar reiser ut. Finne møteformer som sikrar dette</li></ul>

# Innhold

Innleiing	3
Kartlegging	6
➤ Kartlagde sjukehus ➤ Korleis er kartlegginga gjennomført ➤ Organisasjonsmodellar for dei ulike kartlagde føretaka/sjukehusa ➤ Omtale av intervjuobjekta sine synspunkt om opplevde styrkar og svakheiter med dei ulike leiingsmodellane ➤ Omtale av intervjuobjekta sine synspunkt på opplevde nøkkelfaktorar ved dei to ulike leiingsmodellane	
Teoretiske perspektiv	27
Tilbakemeldingar frå dagseminar	33
Oppsummering	39

# Teoretisk perspektiv

- Det vil kort bli presentert nokre teoretiske vinklingar innanfor leiingsfaget for å syne ulike måtar å sjå på utfordringar i høve organisasjonsforståing og organisasjonstypar og dermed temaet stadleg leiing
- Utval av teoretiske perspektiv har vore drøfta med professor Haldor Byrkjeflot, UiO og professor Ole Berg, UiO
- Det blir presentert nokre stikkord i forhold til:
  - Instrumentelt versus institusjonelt perspektiv
  - Teoriar om fjernleiing
  - Skandinavisk leiingstradisjon
  - Teoriar om leiing, makt og tillit
- Sjå også vedlegg til denne rapporten, som er presentasjonen om førstelineleiing som dosent Øyvind Glosvik, Høgskulen i Sogn og Fjordane, holdt på seminaret som vart gjennomført 5. september 2012

# Instrumentelt versus institusjonelt perspektiv – to ulike måtar å sjå på statlege organisasjonar

- I organisasjonsteorien opererer ein ofte med to perspektiv på statlege organisasjonar. Desse perspektiva blir omtalt som instrumentelt perspektiv og institusjonelt perspektiv
- Eit **instrumentelt perspektiv** vil vektlegge at eit sjukehus blir leia ovanfrå og ned («top – down») og leiinga skal fungere i samsvar med klare avgrensa og uttalte mål som til dømes det å utføre pasientbehandling innanfor sjukehuset sine økonomiske rammer
- I **institusjonelt perspektiv** blir synet frå det instrumentelle perspektivet problematisert. Det blir peika på på at det både innanfor og utanfor sjukehuset fins mange sterke grupperingar som ikkje alltid har samanfallande interesser med mål. Kva mål ein følgjer blir avgjort gjennom ein kontinuerleg politisk drakamp. Eit institusjonelt perspektiv vil vere nyttig for å forstå til dømes tankar om at sjukehuset blir forstått som ein «hjørnesteinsbedrift» der leiinga har eit ansvar utover det å drive pasientbehandling

Referanse: Organisasjonsteori for offentlig sektor, Christensten, Lægreid, Roness og Røvik (2009)

# Teoriar om fjernleiing

I sitt arbeid med å diskutere utfordringar knytt til fjernleiing diskuterer Vie, Tollåli, Sæther og Smedhus korleis ein kan jobbe med leiingshindringar på avstand ved å vektleggje:

- Å byggje tillit mellom avdelingar / sjukehus
- Klar delegering
- Drive med «over-kommunikasjon» for å vere sikker på at bodskapen når fram
- Skape alliansar i høve til løysingar for framtida
- Å ha pasienten i sentrum
- Å vise seg fysisk som leiar og gjere seg kjent
- Å ha virtuelle antenner
- Å bruke kommunikasjonsteknologi
- Å lage enkle mål
- Å automatisere datafangst
- Å strukturere møter og møtearenaer
- Å gi deg sjølv pusterom

# Den skandinaviske leiartradisjonen

Den skandinaviske leiartradisjonen vektlegg moglegheita til å vere med å ta avgjersler og samarbeid mellom leiar og medarbeidarane

- «*Norge er en del av den Skandinaviske ledertradisjonen og norske ledere er påvirket av dette. Typisk for skandinavisk lederskap er å søke dialog og partnerskap, i motsetning til konfrontasjon og maktkamp. Skandinavisk lederstil er preget av flate strukturer, kort avstand mellom leder og medarbeider og en beslutningsprosess hvor de ansatte får delta. Denne lederstilen er særegen for vår kultur og møter beundring, men også skepsis fra ledere med annen bakgrunn*» (Hekneby - Feminint lederskap i Norge, Stavanger Aftenblad 14.08.2012)
- Ein kan forstå uttrykk for uro ovanfor mykje så kalla «ovanfrå og ned styring» og signal i høve eit ynskje om meir høve til å vere med å fatte avgjerd og ha kontroll over «eiget» sjukehus/avdeling frå tanksettet i den skandinaviske leiartradisjonen (Referanse: Torodd Stand, Ledelse, organisasjon og kultur, 2007)

# Teoriar om leiing, makt og tillit

M akt  
A rbeidsdeling  
K oordinering  
T illit

- Når helseføretak blir omorganisert frå å ha stadleg leiing til å bli klinikkorganisering blir dette ofte grunngitt med behov for ei anna koordinering og arbeidsdeling
- Slike omorganiseringar kan også forståast ut frå ein tankegang kring makt. Ein forstår då endringane ut frå at dei sentrale leiariene har behov eller ynskje om å skaffe seg meir makt for å kunne gjennomføre upopulære utviklingstiltak. Ein mangel på tillit mellom sentral og lokal leiing forsterkar dette behovet

Referanse: Managementalitet og autoritetens forvandling – ledelse i en kunnskapsøkonomi av Tian Sørhaug (2004)

# Innleiing

Innleiing	3
Kartlegging <ul style="list-style-type: none"><li>➤ Kartlagde sjukehus</li><li>➤ Korleis er kartlegginga gjennomført</li><li>➤ Organisasjonsmodellar for dei ulike kartlagde føretaka/sjukehusa</li><li>➤ Omtale av intervjuobjekta sine synspunkt om opplevde styrkar og svakheiter med dei ulike leiingsmodellane</li><li>➤ Omtale av intervjuobjekta sine synspunkt på opplevde nøkkelfaktorar ved dei to ulike leiingsmodellane</li></ul>	6
Teoretiske perspektiv	27
Tilbakemeldingar frå dagseminar	33
Oppsummering	39

# Tilbakemeldingar frå dagseminaret

- 5. september 2012 vart det arrangert eit dagseminar i Bergen med stadleg leiing som tema. Det var i alt 18 deltakar som representerte ulike helseføretak og regionar med erfaringar frå ulike organisasjonsformer samt forskrarar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane og Universitetet i Oslo
- I tillegg til allereie presenterte funn i kartlegginga, vart følgjande tema særleg vektlagt i diskusjonane:

Den **politiske** dimensjonen, medrekna dei kommunale ynskjer og behov

Behov og krav om **likskap** på tvers av føretak uansett organisasjonsmodell

Alltid behov for **kompensatoriske** tiltak, uansett organisasjonsform

Utøving av leiing og **leiarskap** viktigare enn organisasjonsform

# Den politiske dimensjonen

- Det er ikkje alltid samsvar mellom opplevde indre behov i føretaket og dei behova lokalbefolkninga og lokale politikarar kjenner på. Sjølv i føretak der det er ro kring klinikkorganisering, med etablerte møtestrukturar med kommunane, meiner dei lokale politikarane at det beste hadde vore ein stadleg leiar
- Større tru hos dei tilsette på lokalsjukehusa og hos lokalpolitikarane på at ein stadleg leiar vil ikle seg rolla som lokalsjukehuset sin tillitsvalde og slik sikre dei lokale sine ynskjer og behov – høgare tillit til ein som sit lokalt
- Ein stadleg leiar har ein annan nærleik og dette kan skape ein annan relasjon med lokale media

# Behov og krav om likskap på tvers av føretak uansett organisasjonsmodell

- Det må vere slik at pasientar blir handsama likt på tvers av ulike lokasjonar i eit føretak – til dømes i forhold til liggetider, faglege prosedyrar, sectio rate
- Stadleg leiing kan og skal ikkje bety at det er rom for lokale standardar
- Uansett kva organisasjonsmodell ein vel må det jobbast med å sikre gode pasientforløp og like god kvalitet på tenestene på tvers av eit føretak

# Alltid behov for kompensatoriske tiltak

- Ein finn ikkje ein formel som gir svaret på kva som er den beste organisatoriske løysinga
- Alle organisasjonsformer løyser nokre utfordringar, men skapar andre
- Det vil difor alltid vere behov for kompensatoriske tiltak. Til dømes:
  - Utan stadleg leiari blir det viktig med faste møtedagar og at leiatarar reiser ut til dei ulike lokalsjukehusa
  - Utan stadleg leiari er det viktig å sikre at det er gode møtepunkt med lokale politikarar
  - Ved stadleg leiing må det vere system for ein god dialog og felles arbeid med prosedyrar på tvers for å sikre likskap i heile føretaket

# Korleis leiing blir utøvd er viktigare enn kva organisasjonsform dei verkar i

- Betre med ein nær «fjernleiar» enn ein fjern «nærleiar»
- Ein treng gode leiarar uansett kva organisasjonsform ein vel, og leiarar som ikkje fungerer, fungerer ikkje uansett kva organisasjonsform ein vel
- «Alle har rett på ein sjef» - det er viktig å bli sett og hørt. Sjølv om mykje leiing kan gjerast via telefon og e-post må ein ikkje sjå bort frå dei symbolske sidene av leiarskap. Leiarar må vere tilstades og vere synlege både for dei tilsette og for omgjevnadene

# Innleiring

Innleiing	3
Kartlegging	6
➤ Kartlagde sjukehus ➤ Korleis er kartlegginga gjennomført ➤ Organisasjonsmodellar for dei ulike kartlagde føretaka/sjukehusa ➤ Omtale av intervjuobjekta sine synspunkt om opplevde styrkar og svakheiter med dei ulike leiingsmodellane ➤ Omtale av intervjuobjekta sine synspunkt på opplevde nøkkelfaktorar ved dei to ulike leiingsmodellane	
Teoretiske perspektiv	27
Tilbakemeldingar frå dagseminar	33
Oppsummering	39


# Oppsummering

- Kartlegging av ulike løysingar syner at det fins svært mange måtar å organisere eit føretak på. Dei fleste har valt hybridløysingar, der ein ikkje har ein reindyrka klinikkorganisering og heller ikkje ei reindyrka stadleg leiing
- Føretaka vel løysingar med bakgrunn i kva utfordringar dei står ovanfor og kva moglegheiter dei ser i høve personkabalar, lokale omsyn med meir
- Ut i frå kartlegginga som er gjort kan ein sjå føre seg fire hovudtypar av modellar med ulike styrkar og svakheiter som er omtala i denne rapporten. Modellane blir omtala på neste side

# Fire modellar for korleis leiing kan takast hand om

## 1. «Stadleg leiar»

Ein stadleg leiar med ansvar og mynde i høve både fag og stabsfunksjonar



## 2. «Klinikkorganisasjonen»

Felles eining både for stabsfunksjonar og for dei medisinske disiplinane innanfor eit føretak med sentral leiing for kvar disiplin

## 3. «Koordinatoren»

Klinikkorganisering, men med ein stadleg koordinator med noko tilhøyrande stab, men utan direkte ansvar&mynde i høve fagleg drift


4. «Blandingsmodell»  
Ulike løysingar i same føretak innan forskjellige fagområder og stabsområder. Nokon klinikkorganisert, andre organisert etter stad

# Oppsummering – val av modell

- Det er mange faktorar som må takast omsyn til ved val av modell som til dømes:
  - Den politiske dimensjonen - relasjon med kommunane
    - Er relasjonen med kommunane meir eller mindre fungerande?
  - Historie og kulturtihøve
    - Korleis har det vore før, kva har fungert?
  - Økonomisk situasjon i føretaket
    - Er det til dømes behov for større økonomiske innstrammingar?
  - Behov for endringar i høve funksjonsfordeling
    - Er det behov for å endre på kven som gjer kva, kor i føretaket?
  - Storleik
    - Er det eit mindre eller større helseføretak, mange små sjukehus eller større sjukehus?
- Det fins ikkje ei løysing som skaper ro sett i høve alle behov som skal dekkast. Det er likevel brei semje om at ein må ha eit bevisst forhold til kva løysing som er vald, kva konsekvensar dette medfører og korleis ein kan kompensere for svakheiter og utfordringar

# Val av modell – Nordfjord sjukehus

- Det finst særsmåtar å organisere Helse Førde på. Dei fleste andre føretak har valt hybridløysingar, der ein ikkje har ei reindyrka klinikkorganisering og heller ikkje ei reindyrka stadleg leiing
- Helse Førde må velje løysingar med bakgrunn i kva utfordringar dei står ovanfor og kva moglegheiter dei ser i høve personkabalar, lokale omsyn med meir
- For det første må Helse Førde sikre den faglege utviklinga av Nordfjord sjukehus ved tett integrasjon mellom dei kliniske miljøa i føretaket
- For det andre må Helse Førde legge til rette for at Nordfjord sjukehus framleis utviklar seg som framtidas lokalsjukehus med nasjonal merksemd, ei utvikling som må skje i nært dialog med kommunane
- For å sikre det planlagde og nære samarbeidet om pasientbehandling, felles bruk av areal og felles bruk av personell, må framtidas lokalsjukehus utviklast vidare og drivast i nært samarbeid med kommunane i opptaksområdet (jf. samhandlingsreforma). Leiingsmodellen for Nordfjord sjukehus må understøtte denne samhandlinga
- Helse Førde må ha eit bevisst forhold til kva løysing som er vald, kva konsekvensar dette medfører og korleis ein kan kompensere for svakheiter og utfordringar



## Addendum

- Innspel frå referansegruppemøtet 12. november 2012

# Innspel frå referansegruppa

Referansegruppa til utviklingsprosjektet hadde i møte 12. november 2012 følgjande innspel:

- Eldre pasientar har ofte behandlingsbehov som krev kompetanse frå ulike klinikkar, på tvers av tradisjonelle leiarstrukturar, og tenestene til desse store pasientgruppene vil kunne dra nytte av ein annan leiingsmodell enn rein klinikkorganisering
- Sjølv om ein vel klinikkorganisering, vil det likevel vere lokale leiarar for dei ulike funksjonane
- Gjennomgåande klinikkorganisering gir større/enklare tilgang til kompetanse, felles prosedyrar mm
- Dei sterke sidene til dei to modellane kan kombinerast, til dømes ved stadleg leiing av administrasjon og organisasjon og klinikkorganisering av den faglege verksemda
- Stadleg leiing gir betre samarbeid med kommunane. God samhandling er vesentleg for å hente ut gevinstane ved lokalsjukehuset
- Helse- og omsorgsplanen tar opp etablering av fagnettverk uavhengig av leiingsmodell. Dei store sjukehusa må uansett støtte fagmiljøa ved dei små sjukehusa
- Behovet for stadleg leiing er knytt til kamp for lokalsjukehusa. Klinikkorganisering kan berre fungere dersom det er tillit mellom stort og lite sjukehus. Tilliten byggast ved å vise at tenester, funksjonar og samarbeid fungerer godt
- Behov for Nordfjord sjukehus no: ein blandingsmodell med ein koordinator som tar hand om samhandling, samtidig som fagmiljøet/klinikken treng å nytte kompetansen i heile føretaket